



Ulvik herad  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Ulvik herad - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Heradsstyret i Ulvik har i møtet 16.12.2020, sak 91/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Sjølv om vi er komne langt ut i nytt år no, vel vi likevel å komme med tilbakemelding på dokumenta, med tanke på arbeidet med budsjett og økonomiplan for neste periode, som tek til att på hausten.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

Det er positive netto driftsresultat dei tre siste åra i planperioden. Kommunen legg også i år opp til eit stramt men realistisk budsjett for å oppretthalde tenestenivået, og investeringar blir lagde opp deretter. Utfordringsbildet ligg i demografi og nedgang i folketalet, og små reservar til uføresette hendingar.

### Budsjett 2021

Budsjettet er om lag i balanse med eit netto driftsresultat på minus 16 274 kroner, som utgjør 0 prosent rekna av brutto driftsinntekter. Det vert overført om lag 0,5 mill. kroner til investering og 1,7 mill. kroner vert ført til disposisjonsfond. Dette er finansiert ved bruk av bundne fond. Netto driftsresultat ligg godt under det anbefalte nivået frå Teknisk Berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Førebelse tal frå 2020 viser eit netto driftsresultat på 5,4 prosent.



Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at heradet budsjetterer i samsvar med prognosemodellen.

Det er planlagt investeringar i anleggsmiddel for 22,9 mill. kroner. Sett bort frå overføringa på 0,5 mill. kroner frå drift, skal resten av investeringane finansierast ved opptak av lån på 27,4 mill. kroner. 5 mill. kroner av desse er lån til vidare utlån. Dei største investeringane finn vi innanfor kommunale bygg og vegar, IKT og innanfor VAR-områda.

Etter førebelse Kostra-tal for 2020 hadde heradet om lag 145 mill. kroner i langsiktig gjeld (eks. pensjon). Tala viser ei auke i driftsinntektene samanlikna med tidlegare år, noko som fører til at den langsiktige gjelda i prosent av driftsinntektene utgjer 74,4 prosent. Snittet for landet eks. Oslo utgjer 117,2 prosent. Auken i inntektene utgjer etter det vi forstår, mellom anna utbetaling frå Husbanken på om lag 36 mill. kroner, til nedbetaling av lånet til omsorgstunet.

### **Økonomiplan 2021 – 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2022 – 2024 viser små positive resultat som utgjer 1,02, 0,83 og 0,61 prosent. Det er budsjettert med overføring til investeringsbudsjettet kvart år, slik at bundne fond blir nytta til å balansere budsjettet med om lag 2,1 mill. kroner kvart år.

Vi kan ikkje sjå at det er vesentlege endringar i inntekter eller budsjetterte utgifter, sjølv om overføringar til driftseiningane går noko ned dei siste åra i perioden.

Samla sum investeringar i anleggsmiddel i perioden utgjer om lag 45,6 mill. kroner. Lån til vidareutlån utgjer 5 mill. kroner kvart år. Investeringane skal finansierast med låneopptak på om lag 61 mill. kroner. Ved utgangen av 2024 er det budsjettert at langsiktig gjeld utgjer 137,6 mill. kroner. Det er budsjettert ein auke i rente- og avdragsutgifter på om lag 3,2 mill. kroner i løpet av perioden for å dekke inn ekstra utgifter som følgje av investeringane.

Disposisjonsfond pr 31.12.20 utgjer 13,6 mill. kroner som utgjer om lag 7 prosent av brutto inntekter. Dette er over måltalet frå TBU på 5 prosent.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Heradsstyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

*I høve til krav i ny kommunelov §14-2 pliktar heradet å styra etter finansielle måltal. For planperioden 2021-2024 veljast måltal som fylgjer: 1,1% for netto driftsresultat i høve brutto driftsinntekter, gjeldsgrad i høve til frie inntekter på under 1,5 og disposisjonsfond ikkje mindre enn 7% av frie inntekter.*



### Statsforvaltarens vurderingar

Det er bra at netto driftsresultat er positivt dei tre siste åra i perioden, sjølv om det vedtekne måltalet ikkje vert oppnådd. Heradet legg opp til stramme men realistiske budsjett for å oppretthalde tenestenivået.

Moderate låneopptak dei siste åra i perioden gjer sitt til at langsiktig gjeld ved utgangen av perioden går ned. Med tanke på usikkerheit rundt rentenivået framover er dette positivt. Investeringane fører likevel til at utgiftene aukar og at overføringane til tenesteeiningane må reduserast.

Folketalet viste ein nedgang i 2020 på 1,76 prosent, til 1061 innbyggjarar. Tal frå 1. kvartal 2021 viser ein positiv auke på 0,57 prosent, til 1 067 innbyggjarar. Det er fint om opplysningar om folketal, demografi og framskrivingar frå SSB kan takast inn i plandokumenta.

Dei innsende dokumenta er elles informative og der alle vedlegg som er omtala i forskrift og kommunelov no er med. Det er bra at det er med målsetjingar og strategiar for tenestekområda, og at desse saman med dei vedtekne måltala kan legge grunnlaget for ei god økonomisk utvikling og eit økonomisk handlingsrom til beste for innbyggjarane i heradet.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*